

**Referat frå styremøte nr. 1 - 2016**

**Dato:** 12.02.2016

**Tid:** 09.00-12.00

**Stad:** Parken Hotel i Ålesund

**Til stades:**

*Frå styret:*

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune

Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune

Styremedlem Vebjørn Krogsæter, Haram kommune

Varamedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune

Varamedlem Synnøve Synnes, Ørskog kommune

Varamedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

*Frå administrasjonen:*

Jan Kåre Aurdal

Erlend Krumsvik til sak 5/16

*Andre:*

Rådmann i Giske kommune Marit Elisabeth Larssen på sak 8/16

*Forfall:*

Styremedlem Jan Ove Tryggestad

**Referent:** Jan Kåre Aurdal

**Sak 1/2016: Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.**

Innkallinga vart godkjent. Ei sak vart meldt til evtnt, oppnemning av styremedlemmer frå SR til DÅS.

**Sak 2/2016: Godkjenning av referat frå styremøte (nr 6/2015)**

Referatet vart godkjent uten merknader.

**Sak 3/2016: Ny selskapsstrategi for Sunnmøre regionråd 2016-2019.**

Presentasjon fra Jan Kåre Aurdal. Presentasjonen gjekk mest på dei punkta som vart debattert på representantskapsmøtet den 20.11.2015.

Styret konkluderte med at under Mål 1 der det står: Effektiv fremming av sunnmørske politiske interesser, skal endrast til: Fremjing av sunnmørske politiske interesser.

Mål 2 vart endra frå: Effektiv regionale næringsutvikling, til: Fremje eit mangfaldig arbeidsliv. Punkt 2.1 vart endra til: Vi besøker næringslivet og kompetansemiljøa i regionen med tema innovasjon og utvikling.

Punkt 2.3 vart endra til: Vi utarbeider strategisk næringsplan for Sunnmøre i eit globalt perspektiv.

Punkt 2.5 kjem som tillegg: Fokus på dei unge i forhold til utdanning og arbeidsliv.

Mål 3 vart endra frå: Effektiv utvikling av kommunale tenester, til: Utvikling av kommunale tenester.

Desse endringane vert sendt ut til representantskapet denne veka. Det vil også bli ein presentasjon i repr.skapet med styret sitt framlegg.

**Sak 4/2016: Førebels rekneskap 2015, orienteringssak.**

Dagleg leiar orienterte om førebels rekneskap. Rekneskapen viser eit overskot totalt. Denne saka vert å kome tilbake til på årsmøtet til våren. Orienteringa vart tatt til vitande.

**Sak 5/2016: Statusorientering om kommunereforma**

Rådgiver Erlend Krumsvik orienterte om saka og gjekk igjennom dei ulike alternativa, både på nordre og søre Sunnmøre. Orienteringa vart tatt til vitande.

**Sak 6/2016: Opphør av interkommunalt samarbeid som følge av kommunereforma.**

Dagleg leiar orienterte om brevet fra Sandøy Kommune som grunnlag for saka. Saka er tatt opp med Fylkesmannen. Det vil bli orientering om saka på representantskapsmøtet den 26.02 ved Rigmor Brøste, om vidare framdrift.

**Sak 7/2016: Nytt fengsel på Sunnmøre - oppretting av arbeidsgruppe**

Orientering fra dagleg leiar om saka. Det vert arbeidd no med ei regulering av tomta i regi av Skodje kommune.

SR har jamnleg kontakt med Mørebenken om saka, og med repr. frå justiskomiteen. Det er også kontakt med desse vedk. planleggingsmidler.

Det skal no opprettast ei ny arbeidsgruppe. Styret kom fram til at ordføraren i Skodje, Dag Olav Tennfjord skal site i [arb.gr](http://arb.gr). Det vert opp til Skodje kommune om dei vil ha med fleire frå sin kommune.

Vidare skal Sunnmøre regionråd vere representert ved dagleg leiar.

Kriminalomsorga skal vere representert, likedan friomsorga.

Styret presiserte at Skodje Kommune skal ha prosjektansvaret.

Det vil bli orientert tilbake til styret når alle representanter er på plass.

**Sak 8/2016: Interkommunal planlegging (orienteringssak)**

Orientering ved Marit Elisabeth Larsen.

Fleire i styret påpeika at dette er ei svært viktig sak. Det vert orientert om saka på neste representantskapsmøte. Det vert oppmoding til rådmennene å møte den 26.02. Vidare vert saka også tatt opp på komande rådmannsmøte.

Styret meinte at denne saka skal det arbeidast med vidare framover.

**Sak 9/2016: Utnemning av styremedlemer til styret i DÅS**

Styret gjorde følgjande vedtak:

Fast medlem: Eva Vinje Aurdal    varamedlem Vebjørn Krogsæter

Fast medlem: Knut Erik Engh    varamedlem Anders Riise